

AVGJERD I EØS-KOMITEEN

2016/EØS/21/03

nr. 3/2015

av 25. februar 2015

om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og plantesanitære tilhøve)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla EØS-avtala, særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Kommisjonens gjennomføringsavgjerd 2014/160/EU av 20. mars 2014 om oppheving av lister over verksemder i tredjestatar som medlemsstatane tillèt import av visse produkt av animalsk opphav frå, som er vedtekne på grunnlag av rådsvedtak 95/408/EF⁽¹⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Denne avgjerda gjeld føresegner om veterinære tilhøve. Føresegner om veterinære tilhøve skal ikkje gjelde for Liechtenstein så lenge avtala mellom Det europeiske fellesskapet og Det sveitsiske eidssambandet om handel med landbruksprodukt er utvida til å omfatte Liechtenstein, som nemnd i tilpassing etter sektor i vedlegg I til EØS-avtala. Denne avgjerda skal difor ikkje gjelde for Liechtenstein.
- 3) Vedlegg I til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I vedlegg I kapittel I del 8.1 etter nr. 18 (rådsvedtak 95/408/EF) i EØS-avtala skal nytt nr. 19 lyde:

”19. **32014 D 0160:** Kommisjonens gjennomføringsavgjerd 2014/160/EU av 20. mars 2014 om oppheving av lister over verksemder i tredjestatar som medlemsstatane tillèt import av visse produkt av animalsk opphav frå, som er vedtekne på grunnlag av rådsvedtak 95/408/EF (EUT L 87 av 22.3.2014, s. 104).”

Artikkel 2

Teksta til gjennomføringsavgjerd 2014/160/EU på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 26. februar 2015, på det vilkåret at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn^(*).

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utferda i Brussel 25. februar 2015.

For EØS-komiteen

Gianluca Grippa

Formann

⁽¹⁾ TEU L 87 av 22.3.2014, s. 104.

^(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.